

## IKKJE VALGTE DRIFTSTILTAK

Tiltak	092: Innsparing i flg lærarnormen
Beskrivelse	<p>Utrekna behov jf. lærarnormen må takast inn. Dette tiltaket kan kun vere alternativ til flytting av ungdomstrinn frå Godøy til Valderøy ungdomsskule og flytting av elevar frå Giske til Valderøy barneskule.</p> <p>Samla brukar skulane 4,44 årsverk meir enn lærarnormen.</p> <p>Reduksjon:</p> <p>Vigra skule: 75 % stilling</p> <p>Valderøy barneskule: 153 % stilling</p> <p>Giske oppvekstsenter: 30 % stilling</p> <p>Godøy skule: 77 % stilling</p>

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VIGRA SKULE (2310)				
<b>Sum netto</b>	<b>-540 319</b>	<b>-540 319</b>	<b>-540 319</b>	<b>-540 319</b>	<b>-2 161 276</b>
Sted	Ansvar: VALDERØY BARNESKULE (2320)				
<b>Sum netto</b>	<b>-1 107 880</b>	<b>-1 107 880</b>	<b>-1 107 880</b>	<b>-1 107 880</b>	<b>-4 431 520</b>
Sted	Ansvar: GISKE OPPVEKSTSENTER (2340)				
<b>Sum netto</b>	<b>-218 137</b>	<b>-218 137</b>	<b>-218 137</b>	<b>-218 137</b>	<b>-872 548</b>
Sted	Ansvar: GODØY SKULE (2350)				
<b>Sum netto</b>	<b>-558 508</b>	<b>-558 508</b>	<b>-558 508</b>	<b>-558 508</b>	<b>-2 234 032</b>
Sted	Ansvar: VALDERØY UNGDOMSSKULE (2370)				
<b>Sum netto</b>	<b>-794 608</b>	<b>-794 608</b>	<b>-794 608</b>	<b>-794 608</b>	<b>-3 178 432</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-3 219 452</b>	<b>-3 219 452</b>	<b>-3 219 452</b>	<b>-3 219 452</b>	<b>-12 877 808</b>

Tiltak	073: Ramme 7 fellestiltak, Omstrukturering, flytte brukarar frå Godøy bukolektiv
Beskrivelse	<p>Flytte brukarane ved Godøy Bukolektiv til Giske omsorgssenter og Vigra omsorgssenter. Frigjere bygget. Tiltaket viser at det vert auka kostnader med ei slik omlegging, då dei andre omsorgssentera ikkje har lokalitetar på å ta imot 13 brukarar.</p>

Sum kostnader drift Godøy bukollektiv	9 546 000
sum inntekter drift Godøy bukollektiv	1 030 000
Sum kostnad	8 516 000
Sum investering ny struktur	3 000 000
Sum kostnad ny struktur	15 971 000
Sum inntekter ny struktur	1 092 000
Sum kostnad	14 879 000
Sum meirkostnad:	6 363 000

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VALDERØY OMSORGSDISTRIKT (3600)				
<b>Sum netto</b>	<b>3 106 574</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 106 574</b>
Sted	Ansvar: ADMIN. SOSIAL SERVICE / HELSEVERN (3100)				
<b>Sum netto</b>	<b>3 250 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 250 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>6 356 574</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>6 356 574</b>

Tiltak	056: 1000 Politisk - Deltaking i Region Ålesund, The North West og andre arrangement
Beskrivelse	<p>Deltagelse i REgion Ålesund: årleg tilskott på 350 000, og inkluderer deltagelse i Sjekk inn Samspelskonferansen, Næringsutvikling, Omdømmebygging, Politisk påverkningsarbeid, og Administrasjon av selskapet. Detaking i Sjekk inn vil i tillegg medføre ein ekstrakostnad på 8 000 per år.</p> <p>Deltaking i The North West: Kostnadane vert fordelt etter /finansieringsmodell/fordelingsnøkkel. Det er ikkje motteke budsjettforslag frå selskapet. I 2019 var det søk om 320 000, men budsjettjustert til 121 760. Deltakelsen settes skjønsmessig til kr 200 000. (art 1450)</p> <p>The Next Wawe. Sponsing av konferanse: 2017: 135 000, 2018: 100 000, 2019: 80 000. Giske kommune er ikkje forplikta til å gi tilskot til dette, og ein kan ikkje sjå at ei ROBEK kommune skal vere med å sponse dette. Det vert derfor ikkje set av midlart til det.</p>

	2020	2021	2022	2023	Totalt
<b>Sum netto</b>	<b>558 000</b>	<b>558 000</b>	<b>558 000</b>	<b>558 000</b>	<b>2 232 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>020: 2320 Valderøy barneskule kutt opplæringstilbod norsk 2</b>
Beskrivelse	Skulen har tatt i mot elevar som har krav på norsk 2 (framandspråk/flyktningar), men skulen har ikkje fått midlar til å drifte innføringsklasse for elevar som ikkje kan norsk. Konsekvens - elevane må gå i normalklasser med vanleg norskundervisning. Brot på opplæringslova.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VALDERØY BARNESKULE (2320)				
<b>Sum netto</b>	<b>-607 808</b>	<b>-607 808</b>	<b>-607 808</b>	<b>-607 808</b>	<b>-2 431 232</b>

<b>Tiltak</b>	<b>009: 2340 Giske oppvekstsenter førskule, tiltak 1 (1% driftskutt)</b>
Beskrivelse	<p>Giske barnehage kan frå 1.1.2020 redusere bemanninga med 0,5 årsverk assistent. Dette vil føre til ei innsparing på 247.986 kroner noko som er 1% driftskutt frå regnskapet 2018 rekna utifrå konsekvensjustert budsjett 2020. Eit slikt kutt kan gjerast utan å bryte bemanningsnorma og utan å seie opp nokon eller permittere nokon før til 31.7.2020. Konsekvensane for eit slikt kutt er at ein ikkje kan organisere personalet slik ein gjer i dag. Barnehagen har i dag ei avdeling med barn meir en ønskelig i forhold til arealet tilgjengelig. Dette for å hjelpe med å gi full barnehagedekning. Det er ikkje meir leike og opphaldsareal slik at barnehagen ikkje kan ta inn to barn til slik at ein ligg akkurat på bemanningsnorma.</p> <p>Ved å fjerne 0,5 årsverk kan ein ikkje ta vekk ein tilsett to og ein halv dag i veka. Då går ikkje dagane opp. Derfor må fleire tilsette gå i kortare vakter. Dette vil igjen medføre til at ein ikkje har tilstrekkelig personale heile dagen. Dette må løysast med å gjer dei to småbarnsavdelingane med 12 og 8 barn om til ein base med 20 småbarn, noko som vil redusere kvaliteten på barnehagetilbodet drastisk for dei yngste barna.</p> <p>Barnehagen har inneverande år allereie kutta bemanninga med 0.9 årsverk. Noko som er ein av fleire grunnar til at vikarkostnadane har økt. Ved å kutte meir i bemanninga er det sannsynlig at vikarbruken vil fortsette å auke.</p>

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: GISKE OPPVEKSTSENTER (2340)				
<b>Sum netto</b>	<b>-247 986</b>	<b>-247 986</b>	<b>-247 986</b>	<b>-247 986</b>	<b>-991 944</b>

Tiltak	013: 2340 Giske oppvekstsenter førskule, tiltak 2 (2,1% driftskutt)
Beskrivelse	<p>Giske barnehage kan frå 1.1.2020 redusere bemanninga med 0,7 årsverk assistent. Dette vil føre til ei innsparing på 347.180 kroner noko som er 2,1% driftskutt frå regnskapet 2018 rekna utifrå konsekvensjustert budsjett 2020. Eit slikt kutt vil medføre eit lovbrøt på barnehagelova § 18. Ein slepp og seie opp nokon eller permittere nokon før til 31.7.2020.</p> <p>Konsekvensane for eit slikt kutt er at ein ikkje kan organisere personalet slik ein gjer i dag. Barnehagen har i dag ei avdeling med barn meir en ønskelig i forhold til arealet tilgjengelig. Dette for å hjelpe med å gi full barnehagedekning. Det er ikkje meir leike og opphaldsareal slik at barnehagen ikkje kan ta inn to barn til slik at ein ligg akkurat på bemanningsnorma.</p> <p>Ved å fjerne 0,7 årsverk må fleire tilsette gå i kortare vakter. Dette vil igjen medføre til at ein ikkje har tilstrekkelig personale heile dagen. Dette må løysast med å gjer dei to småbarnsavdelingane med 12 og 8 barn om til ein base med 20 småbarn, noko som vil redusere kvaliteten på barnehagetilbodet drastisk for dei yngste barna.</p> <p>Barnehagen har inneverande år allereie kutta bemanninga med 0.9 årsverk. Noko som er ein av fleire grunnar til at vikarkostnadane har økt. Ved å kutte meir i bemanninga er det sannsynlig at vikarbruken vil fortsette å auke.</p>

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: GISKE OPPVEKSTSENTER (2340)				
<b>Sum netto</b>	<b>-347 180</b>	<b>-347 180</b>	<b>-347 180</b>	<b>-347 180</b>	<b>-1 388 720</b>

Tiltak	018: 2340 Giske oppvekstsenter førskule, tiltak 3 (kostnadseffektivisering)
Beskrivelse	<p>Om ein frå 1.8.2019 ikkje fyllar barnehagen heilt opp. Det er 15 barn som begynner på skule, og om ein berre fyller 13 av desse plassane. Med 43 store barn og 20 små barn vil det gi eit behov for 5,93 barnehagelærar, i staden for eit behov rett over 6. Då kan barnehage drive</p>

lovleg med ein barnehagelærer mindre, noko som vil gjere barnehagen meir kostnadseffektiv.

Dette vil frå 1.august utløyse 13,83333 årsverk i lovpålagt personale 6 årsverk barnehagelærer og 7.8333 fagarbeider/assistent. Slik det er i dag er det lovpålagte personalet 7 årsverk barnehagelærer og 7,5 fagarbeidar/assistent.

Om ein reknar med assistent med lønn på 380.000 og pedagog med lønn på 450.000 vil dette frå 1.8 til 31.12 vil dette gi ei innsparing på 181.967 kroner i lønn, det vil også redusere inntektene med 30.400. Dei påfølgande åra vil det gi ei innsparing på 436.722 kroner i lønn, men redusere inntektene med 66.880. Dette er den mest kostnadseffektive måten å drive barnehagen på innanfor dei rammene barnehagen har i dag med areal utan å bryte lova.

Med dette tiltaket vil det konsekvensjusterte budsjettet for 2020 auke med 0.2% i forhold til regnskap 2018. Om ein kunne gjort endringa frå januar ville det gitt eit driftskutt på 2.5%. Og om ein held fast ved tiltaket vil det gi eit driftskutt på om lag 2.5% dei kommande åra.

Utfordringane er at barnehagen har ulik søkjarmasse frå år til år og ein kan ikkje garantere at ein får akkurat riktige søkjarar. Mange søkjarar kan ha krav på plass etter lov og vedtekter og dette kan gjer ein må endre noko. Men barnehagen kan fortsatt velje å sei at barnehagen er full før det utløyser behovet for ein barnehagelærer til. Med mindre tilsette totalt er ein også meir sårbar og meir avhengig av å løyse sjukdom og anna fråvær med vikar.

Konsekvensane av dette er at det bidreg til at kommunen totalt har 2-3 mindre barnehageplassar. Det er også sannsynlig at barnehagen må sei opp eller omplassere personale.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: GISKE OPPVEKSTSENTER (2340)				
<b>Sum netto</b>	<b>-151 567</b>	<b>-369 842</b>	<b>-369 842</b>	<b>-369 842</b>	<b>-1 261 093</b>

<b>Tiltak</b>	<b>041: 2350 Godøy skule Reduksjon i tilbudet til 8.klasse (44 elevar)</b>				
Beskrivelse	Reduksjon i drift for 8.klasse 1920/21				
	To assistentar i 72.2 % stilling:				kr 340 000

Spesialpedagog i 100% stilling	kr 306 000
Kontaktlærer i 100% stilling	kr 344 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 990 000</b>
Det er 44 elever på 8.klassesteg hausten 2020. For å halde budsjettet må elevane vorganiserast i ei gruppe. Gruppa vil då få tildelt ca 40% av tildelte ressursar i 2018/19. Dette vil medføre brudd på opplæringslova og lærarnorma	

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: GODØY SKULE (2350)				
<b>Sum netto</b>	<b>-1 338</b>	<b>-1 336</b>	<b>-1 336</b>	<b>-1 336</b>	<b>-5 346</b>

<b>Tiltak</b>	<b>027: 2370 Valderøy ungdomsskule-redusere lærarstillingar</b>
Beskrivelse	Vi ligg allereie under lærarnormen, så skal vi redusere ytterlegare fleire lærarårsverk, vil dette (ca 3 lærarstillingar) kome under lærarnormen. Vi vil ikkje ha nok til ein lærar per klasse lenger, evt må vi også redusere talet på timar til spesialundervisning og spesiell norskopplæring. Det talet vi i dag gir, er på eit minimum, der tildelinga i all hovudsak er gjort slik at timane til den eleven med høgste talet på tilrådde timer, blir sette av. Alle dei andre elevane med vedtak, blir samordna med denne ressursen, dei får ikkje noko ekstra. Konsekvensen blir altså at klasser blir sitjandeutan lærar i nokre timar per veke, og spes.ped.elevar og dei som har rett på særskilt norskopplæring, ikkje får den undervisninga dei har krav på. Dette vil også gå ut over tryggleiken til elevane våre.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VALDERØY UNGDOMSSKULE (2370)				
<b>Sum netto</b>	<b>-1 964 004</b>	<b>-1 964 004</b>	<b>-1 964 004</b>	<b>-1 964 004</b>	<b>-7 856 016</b>

<b>Tiltak</b>	<b>026: 2370 Valderøy ungdomsskule-redusere talet på assistentar</b>
Beskrivelse	Vi har allereie redusert talet på assistentar frå 3 til 2, samstundes som ein av dei to også blir brukt som PBA for tilsett. Dette får vi refusjon frå NAV for. Reduserer vi meir, vil dette gå utover tryggleiken til elevar som har full oppdekning og ikkje kan vere åleine. Vi veit også at vi til hausten 2020 vil få fleire elevar som har behov for full oppdekning. Så behovet er å få inn ekstra assistentressurs, ikkje å redusere talet. Reduksjon vil vere eit alvorleg tiltak for dei elevane det gjeld, og vi vil ikkje kunne gi dei ein trygg skulekvardag slik lova krev.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VALDERØY UNGDOMSSKULE (2370)				
<b>Sum netto</b>	<b>-611 536</b>	<b>-611 536</b>	<b>-611 536</b>	<b>-611 536</b>	<b>-2 446 144</b>

Tiltak	053: 3250 BFH- Kutt heile kvardagsrehabiliteringsteamet										
Beskrivelse	<p>Forslag til kutt av alle stillingane i kvardagsrehabiliteringsteamet. Forventa konsekvenser av tiltaket er at alle oppgåvene som kvardagsrehabiliteringsteamet utfører i dag vert overført til omsorgstenestene. Det førebyggjande arbeidet blir svekka og det er fare for auka utgifter til oppfølging seinere i behandlingsforløpet. K.teamet set i verk tiltak til brukarar som har hatt eit funksjonsfall, t.d hjerneslag, hoftebrudd, mål om å nå same funksjonsnivå før fall. Brukar treng forhåpentlegvis ikkje tenester etter ei stund. Vert det i staden gitt heimespl, forblir brukaren i tenestene og ein kan anta at brukaren vil trenge meir hjelp og bistand etter kvart. Dette skaper også større press på tenestene innan omsorg og større press på heildøgns plassane. Fører igjen til fleire overliggande pasientar på sjukehuset. Her er også ein personleg konsekvens for brukaren dette gjeld.</p> <p>Økonomisk konsekvens:</p> <table> <tr> <td>Auke bemanning i ramme 7, heimespl:</td> <td>1 550 000 (2 årsverk)</td> </tr> <tr> <td>Fleire overliggande pas i sjukehus</td> <td>1 642 000 (1 pas x 365 dg)</td> </tr> <tr> <td>Auka belastning tildelingskontoret</td> <td>300 000 (ekstrahjelp)</td> </tr> <tr> <td>Auka trykk på heildøgns plassane</td> <td>775 000 (ekstrahjelp) overbelegg</td> </tr> <tr> <td>sum</td> <td>4 267 000</td> </tr> </table> <p>Sum lønskostnad i dag: <math>617\ 000 + 1,6 \times 775\ 000 = 1\ 240\ 000 = 1\ 857\ 000</math></p> <p>sum avvik: kr 2 410 000</p>	Auke bemanning i ramme 7, heimespl:	1 550 000 (2 årsverk)	Fleire overliggande pas i sjukehus	1 642 000 (1 pas x 365 dg)	Auka belastning tildelingskontoret	300 000 (ekstrahjelp)	Auka trykk på heildøgns plassane	775 000 (ekstrahjelp) overbelegg	sum	4 267 000
Auke bemanning i ramme 7, heimespl:	1 550 000 (2 årsverk)										
Fleire overliggande pas i sjukehus	1 642 000 (1 pas x 365 dg)										
Auka belastning tildelingskontoret	300 000 (ekstrahjelp)										
Auka trykk på heildøgns plassane	775 000 (ekstrahjelp) overbelegg										
sum	4 267 000										

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)				
<b>Sum netto</b>	<b>-1 850 437</b>	<b>-1 850 437</b>	<b>-1 850 437</b>	<b>-1 850 437</b>	<b>-7 401 748</b>
Sted	Ansvar: VALDERØY OMSORGSDISTRIKT (3600)				

<b>Sum netto</b>	<b>4 302 848</b>	<b>4 302 848</b>	<b>4 302 848</b>	<b>4 302 848</b>	<b>17 211 392</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>2 452 411</b>	<b>2 452 411</b>	<b>2 452 411</b>	<b>2 452 411</b>	<b>9 809 644</b>

<b>Tiltak</b>	<b>070: 3250 BFH-Auke i utgifter drift legetenesta</b>
Beskrivelse	På grunn av forventa auke i overføring av utgifter til drift av legetenesta tilrår ein auke med kr. 400 000,- på art 1370- Kjøp av tenester private.

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: BARNE- FAMILIE- OG HELSE (3250)				
<b>Sum netto</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	<b>1 600 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>030: 3600 Vald. oms - Reduksjon av stillingar og drift avdeling Hustruhamna</b>
Beskrivelse	<p>20.09.19 turt. Kutt i 1.38 årsverk, tilsvarer ein reduksjon av bemanning på dagtid frå tre til to personale. Dette vil gje ein innsparing i drifta på 966 562 kr inklusiv sosiale kostnader. Hustruhamna er ei langtidssavdeling med 10 pasientrom, avdelinga er døgnbemanna. Bemanninga er på eit minimumsnivå og ein reduksjon av personalet vil medføre at vi må redusere antall rom tilsvarande, dette vil seie at ein med dette kuttet kan drifte 6-7 rom avhengig av pleietyngde. Presset på plasser er stort, stadig overbelegg ved omsorgseiningane viser dette. Ein reduksjon av rom vil auke dette presset og auke krav om betaling for inneliggande pasienter. Reduksjon av antal plasser vil vidare påvirke avdeling Storhornet, då det vil verte vanskelegare å overføre pasienter med behov for langtidsplass til andre avdelingar, grunna færre rom totalt og dermed mottak av rehabilitering-, avlastning- og kortidspasienter. Fleire må bu heime, noko som igjen vil auke behovet for heimebaserte tenester. Brukarar som har fått heildøgns plass har innvilga teneste ut i frå behova til den einskilde, desse behova vil vere dei same ved ein reduksjon og ein regner med ekstrainnleige i forhold til å kunne gje forsvarlege tenester. Ein reduksjon av bemanning vil medføre endring av turnus og flytting av personale, dette er ein omfattande prosess som vil legge beslag på knappe administrative ressursar.</p> <p>Kostnader ved tiltaket:</p> <p>Klarer ikkje å ta imot ferdig utskrivingsklare brukarar: <math>kr\ 4500 \times 365 = 1\ 642\ 500</math> (kan bli høgare)</p> <p>Oppbemanne heimebasert teneste, 1 årsverk = 775 000 (kan bli høgare)</p> <p>Tapte leigeinntekter til teknisk eining: <math>10\ brukarar \times 7400 \times 12 = 888\ 000</math></p> <p>Sum kostnader 3 305 500</p>

	Sum differanse:	Meirkostnad med tiltaket	kr 2 315 500
--	-----------------	--------------------------	--------------

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VALDERØY OMSORGSDISTRIKT (3600)				
<b>Sum netto</b>	<b>-990 727</b>	<b>-990 727</b>	<b>-990 727</b>	<b>-990 727</b>	<b>-3 962 908</b>

Tiltak	046: 3700 VGG - reduksjon med 4 rom i Vigra omsorgssenter.				
Beskrivelse	<p>Kutt på kr.944 632,- tilsvarer 1,3 årsverk inkl.sos.utg. og utgjør ei dagvakt 7dg pr veke. Grunnbemanninga er i dag minimal i forhold til tal på brukarar og ein konsekvens av kutt i grunnbemanninga vil medføre reduksjon med 4 plassar i Vigra omsorgssenter. Behovet for plass i Vigra omsorgssenter er stort og vi har til ei kvar tid 1-3 overbelgg i avdelinga. Ein slik reduksjon vil medføre større press på dei andre bukollektiva i kommunen, og i heimebasert omsorg. Plassmangel i bukollektiv og institusjon vil også gi auka kostnad i form av bøter frå sjukehuset for utskrivingsklare vi ikkje kan ta i mot pga mangel på korttidsplassar.</p> <p>Kostnad viss reduksjon 4 rom:</p> <p>klarar ikkje å ta imot ferdig utskrivingsklare brukarar 4500 x 365 = 1 642 000</p> <p>Bemane opp heimebasert teneste 1 årsverk 775 000</p> <p>tapte leigeinntekter til teknisk eining kr 7400 x 4 x 12 = 355 000</p> <p>Tapte leigeinntekter på brukara overbelegg snitt 2 brukarar 177 000</p> <p>sum: 2 949 000</p> <p>Sum diff sparte kostnader og kostnader ved tiltaket: 1 981 000 meirkostnad med tiltaket.</p>				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: VIGRA, GISKE OG GODØY OMSORGSDISTRIKT (3700)				
<b>Sum netto</b>	<b>-968 250</b>	<b>-968 250</b>	<b>-968 250</b>	<b>-968 250</b>	<b>-3 873 000</b>

Tiltak	095: 4300 Miljø og kultur: 2310 Fylkesfestivalen UKM blir ikkje gjennomført i år				
--------	--	--	--	--	--

Beskrivelse	UKM er under omorganisering, men hittil er det einaste som er bestemt er at det ikkje blir gjennomført fylkesfestival i 2020, ergo sparer vi nokre tusen kroner. Ungdom blir i tida framover trekt aktivt med i drøftinga av korleis dei ønskjer at UKM skal utvikle seg i åra framover.
-------------	--

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
<b>Sum netto</b>	<b>-16 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-16 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>064: 4300 Miljø og kultur: 3650 Fullføring av 5. band av bygdeboka for Borgund og Giske</b>
Beskrivelse	<p>Viser til eiga sak som blir lagt fram for politisk behandling i levekårskomite, formannskap og kommunestyre.</p> <p>Kommunane Giske, Sula og Ålesund har i lang tid samarbeida om å gi ut bygdebok for Borgund og Giske. Første bind kom i 1956. Arbeidet med femte og siste bind vart oppstarta for om lag 20 år sidan. Bindet vart vedtatt realisert i perioden 2003 - 2005, men vart av ulike årsaker ikkje gjennomført. For meir info om dette vert det vist til kommunestyret si sak 064/17 frå møte 14.12.17. I nemnde møte vart det gjort vedtak om å forhandle med forfattar om mulegheitene for slutføring av arbeidet. Forhandlingane er no gjennomførte og det blir som nemnd lagt fram eiga politisk sak om dette i haust.</p> <p>Kan informere om at rådmannen i Ålesund kommune tilrår at politikarane vedtek å fullføre arbeidet under føresetnad av at Giske og Sula blir med.</p>

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
<b>Sum netto</b>	<b>60 000</b>	<b>29 500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>89 500</b>

<b>Tiltak</b>	<b>060: 4300 Miljø og kultur: 3770 Giskespelet - ev tilskott for at dei skal få ut all fylkeskommunal støtte.</b>
Beskrivelse	<p>Giskespelet har for åra 2019, 2020 og 2021 fått eit fylkeskommunalt tilskott på kr 75.000 årleg. Ved tildelinga fulgte det med eit krav om tilsvarande kommunal eigenandel, ref sak 013/19 i komite for oppvekst og kultur sitt møte i mars.</p> <p>I retningslinjene for tildelinga står bl.a. følgjande: Festivalar og andre kulturarrangement som mottar treårig tilskot, må vise til ein kommunal deltaking (det finansielle tilskotet) på minimum same nivå som det fylkeskommunale tilskotet. Dersom det kommunale tilskotet</p>

er mindre, vert det fylkeskommunale tilskotet avkorta tilsvarande. Det sistnemnde kravet er noko nytt. Eller rettare sagt: kravet låg inne tidlegare på 1990- og 2000-talet, men har vore vekke det meste av 2010-talet.

Rådmannen har i budsjettet ikkje funne rom for å auke det kommunale tilskottet utover dei 25.000 som allereie ligg og som har lagt inne i ramma dei siste tiåra. Dei 25.000 som allereie ligg i ramma er ført på same art, ansvar og teneste som dette tiltaket (1470 - 4300 - 3770).

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
<b>Sum netto</b>	<b>50 000</b>	<b>50 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>100 000</b>

Tiltak	<b>059: 4300 Miljø og kultur: 3810 Vigra IL - tilskot til etterfylling av granulat i kunstgrasbana i Vigrhallen</b>				
Beskrivelse	<p>Vigra IL bidrog med 5 millionar til etableringa av Vigrhallen med fleirbruksdel, fotballdel, fellesdel med garderobar, vestibyle, kiosk etc, dessutan tilkomst og uteareal. Vigrhallen vart tatt i bruk hausten 2013. Etter inngått driftsavtale skal Vigra IL gjennom selskapet Vigra IL Anleggsdrift AS administrere hallen på ettermiddags- og kveldstid og i helgar, og dei skal vedlikehalde kunstgraset etter anbefaling frå leverandør. Dette inkluderer slådding av bane, kontroll og ev etterfylling av granulat.</p> <p>Det er behov for etterfylling av granulat i kunstgrasbana (7er fotball). Vigra IL argumenterer med at dei allereie har etterfylt ein gang og at sjølv om svinnet frå bana er minimalt så er det behov for etterfylling. Dei søker difor om at kommunen dekkjer kostnad med etterfylling av granulat. Dei mistenker at det kunne blitt fylt for lite granulat i frå starten av, men mottatte papir frå test seier at det var korrekt nivå frå starten av.</p> <p>Rådmannen har ikkje funne rom i budsjettet til dette tiltaket.</p>				

	2020	2021	2022	2023	Totalt
Sted	Ansvar: MILJØ OG KULTUR (4300)				
<b>Sum netto</b>	<b>35 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>35 000</b>